



Arkivnr: 2014/22155-13
Saksbehandlar: Katharine Louise Clarke

Saksframlegg

Saksgang

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|---------------|--------|------------|
| Fylkesutvalet | | 29.05.2019 |

Korleis kan Hordaland nytta medlemskapet og samarbeidet i Nordsjøkommisjon og CPMR i viktige saker for fylket?

Samandrag

Hordaland fylkeskommune er, saman med 10 andre norske fylke og 31 andre regionar frå land kring Nordsjøen, medlem i Conference of Peripheral Maritime Regions (CPMR) og Nordsjøkommisjon (NSC). Desse organisasjonar er europeiske interesse- og lobbyorganisasjonar. CPMR er ein paraplyorganisasjon kor NSC er ein av 6 geografiske underkommisjonar. Medlemskap i CPMR er ein føresetnad for medlemskap i NSC.

Medlemskap i NSC og CPMR kan understøtte fagområde som er prioriterte i Hordaland fylkeskommune planar og strategiar til HFK. Deltaking i NSC og tilhøyrande faggrupper gir moglegheit for å påverke dagsorden og saksutvikling i saker som er viktige for vår region. God forankring i eigen organisasjon og fokus på vedtekne satsingsområde er ein føresetnad for å få mest muleg ut av deltaking.

Gjennom medlemskapen kan Hordaland fylkeskommune dele erfaringar med andre regionar som har liknande problemstillingar, byggje nettverk for prosjektutvikling og erfaringsutveksling og påverke rammevilkår for Hordaland. Nærvær og aktiv deltaking, tilrettelegging og tildeling av ressursar er premisser for å kunne nytte medlemskapen og samarbeidet. Det er viktig å ha kontinuitet i dette arbeidet og bygge kompetanse i eigen organisasjon.

Oppfølginga av verbalforslag i budsjettvedtaket om korleis ein kan styrkje samhandlinga mellom strategi for internasjonalt arbeid, regionalt forskingsfond og andre samarbeidsprosjektet knytt til eksempelvis miljøprosjektet, energisamarbeid og grøn næringsutvikling vert lagt fram som ei eiga sak til fylkesutvalet hausten 2019. Avdeling for innovasjon og næringsutvikling i Vestland fylkeskommune vil ha stort fokus på å nytte nasjonale og internasjonale verkemidlar for å auke konkurransekrafta og skape innovasjon som kan fremje ei berekraftig utvikling.

Økonomi: Medlemskap i Conference of Peripheral Maritime Regions (CPMR) og Nordsjøkommisjon (NSC) kostar € 16 256 for Hordaland i 2019

Klima: Både CPMR og NSC er nettverk kor klima og energi er prioriterte tema. Medlemskapet gir Hordaland høve til å utveksle erfaringar og bygge relevante nettverk for prosjektsamarbeid på desse tema.

Folkehelse: Medlemskapet i CPMR og NSC har ingen direkte samanheng med folkehelsearbeidet

Regional planstrategi: Det står i Regional planstrategi at Hordaland skal ta eit større ansvar for internasjonalt arbeid gjennom deltaking i europeiske organisasjonar på politisk og administrative nivå, og gjennom aktivt engasjement og deltaking europeiske program og prosjekt.

Forslag til vedtak

Fylkesutval tek saka til orientering. Fylkesutvalet ber om at det vert lagt fram sak for Vestland fylkeskommune våren 2020 om korleis Vestland fylke bør organisere seg internt for å få mest mogleg ut av medlemskapen i CPMR/NSC.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 12.04.2019

Bakgrunn

Under handsamlinga av RS 17/19 i Fylkesutvalet 31.01.19 (Rapport frå Generalforsamlinga i CPMR 2018) sette representant Roald Kvamme på vegne av Arbeiderpartiet eit oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«Ber administrasjonen koma attende med ei sak om korleis Hordaland kan nytta medlemskapet og samarbeidet i Nordsjøkommisjonen og CPMR i viktige saker for fylket. Jamfør verbalforslag i budsjettvedtak.»

Kvamme sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt fylkesrådmannen utan realitetsbehandling. Dette notatet diskuterer erfaringar Hordaland fylkeskommune har frå medlemskapet i «Conference of Maritime and Peripheral Regions» (CPMR) og «North Sea Commission» (NSC) og legg fram forslag til ei betre forankring og nyttegjering av medlemskapen vårt.

Oppfølginga av verbalforslag i budsjettvedtak om korleis ein kan styrkje samhandlinga mellom strategi for internasjonalt arbeid, regionalt forskingsfond og andre samarbeidsprosjekt knytt til eksempelvis miljøprosjektet, energisamarbeid og grøn næringsutvikling vert lagt fram som ei eiga sak til fylkesutvalet hausten 2019.

Innleiing

Conference of Peripheral Maritime Regions (CPMR)

CPMR er ein europeisk interesse- og lobbyorganisasjon som inkluderer 160 kystperifere regionar frå 28 europeiske land. Organisasjonen blei etablert i 1973, og representerer i dag om lag 200 millionar innbyggjarar. Føremålet med organisasjonen er å få regionane i Europa til å samarbeide for å sikre at EU-institusjonar og nasjonale regjeringar tar omsyn til og lyttar til regionane sine interesser og synspunkt på konkrete politikkområde og i politiske saker. CPMR følgjer særleg opp regional-, transport- og maritimpolitikken til EU, men energi og miljø, naboskap, migrasjon og utvikling er også viktige satsingsområde.

Presidenten leier CPMR saman med ein fyrste visepresident og visepresidentar som har ansvar for oppfølging av kvart sitt politikkområde, og med eit politisk styre (Political Bureau (PB)). Kvart medlemsland i organisasjonen har ein representant i PB i tillegg til presidentane frå dei 6 geografiske kommisjonane. Marianne Chesak (A) frå Rogaland er i dag vararepresentant for Noreg og møter. Gunn Marit Helgesen (H) frå Telemark er fyrste visepresident. Norske fylkespolitikarar har difor sentrale leiarverv i CPMR. Generalsekretæren i CPMR har ansvar for administrasjonen og økonomien. Generalforsamlinga er øvste organ og finn stad årleg om hausten. Politikarar frå både posisjon og opposisjon i Hordaland har, når det har passa slik, delteke på generalforsamlinga.

CPMR er ein paraplyorganisasjon med seks geografiske kommisjonar. Ein av desse er Nordsjøkommisjonen (NSC). NSC ble etablert i 1989 som ein arena for regionar rundt Nordsjøen for å samordne interesser, utveksle erfaringar og utvikle politikk. NSC jobbar aktivt med lobbyaktivitetar mot EU.

NSC består av 32 medlemsregionar frå Skottland, England, Belgia, Nederland, Tyskland, Danmark, Sverige og Noreg. Til saman deltek 11 norske fylkeskommunar i NSC. Desse er Aust-Agder fylkeskommune, Buskerud fylkeskommune, Hordaland fylkeskommune, Møre og Romsdal fylkeskommune, Sogn og Fjordane fylkeskommune, Rogaland fylkeskommune, Trøndelag fylkeskommune, Telemark fylkeskommune, Vest-Agder fylkeskommune, Vestfold fylkeskommune og Østfold fylkeskommune.

Arbeidet i Nordsjøkommisjonen vert styrt av strategidokumentet North Sea Region 2020. Strategien vert operasjonalisert gjennom arbeid i dei 4 tematiske arbeidsgruppene: Klima og energi, Marine ressursar, Smarte regionar og Transport. Gruppene arbeider med politikktutforming, prosjektutvikling og utveksling av kunnskap og er ein viktig politisk arena som også gir gode høve for fagleg samarbeid.

Presidenten og to visepresidentar leiar Nordsjøkommisjon saman med Styringskomitéen (Executive Committee (ExCom)). ExCom har ein representant frå kvart land som har medlemmar i NSC. Marianne Chesak (A) frå Rogaland er norsk medlem i styret, Åshild Kjelsnes (A) frå Sogn og Fjordane er

varamedlem, mens Andreas Leirvik frå Østfold er ein av to visepresidentar. Det overordna avgjerdsorganet er Årsmøtet som finn stad kvart år i juni i samband med Nordsjøkonferansen.

Økonomi

Medlemmane i NSC betaler medlemskontingent til både CPMR og NSC. Kontingenten til CPMR er basert på tal innbyggjarar i medlemsregionen, og utgjer i 2019 €0.01197 per innbyggjar. Hordaland kjem under ein kontingentkategori for medlemmar som ikkje er ein øyregion med eit innbyggartal under ein million menneske, pålydande € 11 166. I tillegg betalar Hordaland medlemskontingent til NSC. Medlemskap for Hordaland i NSC, som ein region med innbyggartal mellom 500 000 og ein million, er € 5 095 i 2019. Det betyr at medlemskapet i CPMR / NSC kostar € 16 256 for Hordaland i 2019.

CPMR omsette i 2017 for ca. € 3,9 millionar og balanserer rekneskapet, mens NSC omsette for ca. € 140 000. I realiteten kostar drift av organisasjonen NSC ca. € 288 000 og er difor sterkt avhengig av store bidrag frå regionen som driv Sekretariatet. I dag driv Västra Göteland Sekretariatet til NSC og held vervet fram til desember 2021. Hordaland dreiv Sekretariatet frå 2014-2016 og har difor kjennskap til reelle kostnader i samband med drift av organisasjonen.

Kvifor er dei norske fylka medlem i CPMR og NSC?

Internasjonalt samarbeid er ressurskrevjande. Det er difor viktig å vere bevisste kva vi ønskjer å oppnå med deltaking, og korleis arbeidet er relevant for Hordaland. Under er ein oversikt over dei faglege plattformene og ein drøfting av nytta ved å delta.

Noreg er ikkje medlem i EU, men ei rekkje avtaler, kor EØS er den viktigaste, regulerer samhandlinga med EU. Utviklinga i EU er viktig for Noreg. 75 % av vår utanrikshandel er med EU. 2/3 av utanlandsinvesteringane kjem frå EU. Av cirka 600 norske lover er det EU-rett i nesten 200 av dei. Gjennom EØS-avtalen får norske aktørar tilgang til den indre marknaden og til EU-midlar. Avtalene medfører også at Noreg direkte må følgje opp lovverk og system frå EU. Hordaland er eit eksportfylke og den indre marknaden, med land som Storbritannia, Nederland og Tyskland, er dei næraste og største markedene for varer og tenester frå leverandørbedrifter i Hordaland.

I Regjeringa sitt arbeidsprogram for samarbeid med EU 2019 er hovudbodskapet «at Norge skal bidra til et trygt, fritt og økonomisk sterkt Europa, hvor europeiske land tar felles ansvar for felles utfordringer». Vi kan kalle dette for eit felles utviklingsansvar som Hordaland ønskjer å bidra til og delta i. Samarbeid med europeiske partnarar bidreg til eit sterkare samband med naboane våre, utvikling av den indre marknaden og auka velstand i alle delar av Europa.

Som ikkje-medlemsland kan ikkje Noreg nytte dei påverknadskanalane som medlemsland har tilgang til - parlamentet, regionkomiten (Committee of the Regions), ekspertpanelar og ikkje minst, Det europeiske råd (European Council). Utfordringane som nasjonen Noreg har som ikkje-medlemsland, gjeld også på fylkesnivå. Fylka må også finn gode påverknads- og samarbeidskanalar for å fremje egne interesser og for å leggje til rette for samarbeid og utvikling på regionalt nivå. EU utfører lokale investeringar gjennom regionalpolitikken for å skape økonomisk vekst, arbeidsplasser og gode levevilkår. Målet er å redusere skilnadene mellom regionane gjennom ein utjammingspolitikk. Regionar har difor ein sterk rolle og nærvær i europeisk politikk.

Korleis nytte medlemskapen i viktige saker for fylket?

Conference of Peripheral Maritime Regions (CPMR)

CPMR er ein av to pan-europeisk lobbyplattform for regionalpolitikken. Hordaland har tidlegare også vore medlem av Assembly of European Regions (AER), men tok ei avgjerd for fleire år sidan berre om å satse på eit av nettverka. CPMR med tilhøyrande medlemskap i NSC var fyrstevalet og gjer at vi kan samle kreftene og ressursane i dette arbeidet. Det er mange gode og sterke nettverk og plattformer for fagsamarbeid i Europa, men det er desse to organisasjonane som fremjar regionale synspunkt og regionalpolitikken.

Hordaland har brukt CPMR og NSC til å danne nettverk og finne/kartlegge samarbeidspartnarar til felles prosjekt, samt overvake og følgje opp relevante saker innanfor EU-politikken. Deltaking i CPMR har gitt

tilgang til eit interessant internasjonalt politisk- og administrativt nettverk, kor det er mogleg å diskutere problemstillingar som er relevante for Hordaland i ein europeisk kontekst. CPMR gir også eit verdfullt innblikk i korleis internasjonale utfordringar, som til dømes båtflyktningar, klimaendringar og internasjonale reguleringar påverkar europeiske kystregionar.

CPMR har vore ein sterk pådrivar og premisleverandør for utviklinga av til dømes EUs maritime politikk og innrettinga på tilhøyrande program og finansieringsinstrument. Dette er eit av politikkområda som er mest relevante for Hordaland, men ikkje det einaste. Da Hordaland hadde ansvar for NSC Sekretariatet frå 2014-2016, fekk vi høve til å oppleve på nært hald korleis CPMR jobbar. CPMR har eit godt nettverk i Brussel og direkte innverknad på viktig arenaer. Dei har tett samarbeid med ein skilde parlamentarikar og er invitert inn på møte og komitear, der dei får kome med innspel og uttaler. Dei skriv gode, innhaldsrike saker og har bygd ekspertise på dei tematiske områda dei er opptatte av. På lik linje med NSC, fremjar CPMR politiske saksframlegg og lobbydokument som dei bruker aktivt opp mot sentrale institusjonar i Brussel. Desse dokumenta er forankra i interesserområda til medlemmer i organisasjonen og i andre saksdokument til dei geografiske kommisjonane, som til dømes NSC. Her er ei viktig kopling mellom NSC og CPMR som elles ikkje er så openberr. Eit døme er korleis CPMR har «plukka opp» tema som NSC er opptatt av, nemleg marin forsøpling og plast i sjøen. Vi ser at dette temaet er no løfta opp i dokument til CPMR og er komplementær til arbeidet som NSC gjer i arbeidsgruppa Marine Resources. Årsmøtet til CPMR godkjenn kvart år ei slutterklæring basert på innspel og prioriteringar til medlemmar og som gjer eit grunnlag for vidare lobbyverksemd påfølgjande år.

Nøkkelen til god utnytting av medlemskapen i CPMR er deltaking. For å få mest muleg ut av medlemskapen i CPMR spesielt, krev det at Hordaland fylkeskommune er til stades, både politisk og administrativt. Vi må følgje tett kva dei jobbar med, og vere oppdatert på kva for ei retning dei tar, men vi må også kome med innspel når det er relevant for oss. Det er nokre tema og politikkområde som er meir relevante for Hordaland enn andre. CPMR jobbar mykje med maritime og marine tema og transportpolitikken, som er viktige for Hordaland. Utfordringa har vore at tematiske møte i CPMR arbeidsgruppa og task force er ofte korte (2 timer) og at dei finn ofte sted i Brussel. Vest Norges Brusselkontor (VNB) har difor delteke på CPMR møte i Brussel på vegne av Hordaland fylkeskommune innanfor tema «Maritime industries» det siste året og rapporterer tilbake om diskusjonar om utviklinga. Dei ber om innspel frå administrasjonen før møtet og vi har hatt ein dialog om innhaldet i møta slik at VNB har ei god forankring. Ei meir aktiv overvaking og ein meir målretta samarbeid med VNB, hadde vore ei god løysing for å få til ei meir aktivt deltaking i CPMR.

Krav til kunnskap om EU-politikk, arbeidsmåta til CPMR og utviklinga av tematiske politikkområde gjer at det må avsetjast ressursar til dette arbeidet. Det er difor viktig at Hordaland fylkeskommune utnemner faste politikarar til å arbeide tett med administrasjonen og som deltek på CPMR møte / seminar / workshop ol. når det er relevant og på Generalforsamlinga kvart år.

Nordsjøkommisjonen (NSC)

Hordaland har vore eit av dei mest aktive norske medlemmane i NSC og deltek i alle arbeidsgrupper med både politiske representantar og representantar frå administrasjonen. For å sikre ei god oppfølging av dette arbeidet har Hordaland laga eit dokumentet «Rutinar for arbeid med NSC tematiske grupper». Dokumentet fortel korleis vi skal førebu oss og kva som er forventa av oss under gruppemøta, i tillegg til rutinar for rapportering. Her står det at vi skal delta i diskusjonen, med utgangspunkt i vedtekne planar og strategiar på dei ulike områda. Det er den politiske representanten som fører ordet for Hordaland, med støtte frå administrativ fagperson. Den politiske representanten rapporterer frå eigen region om aktivitetar, prosjekt, aktuelle politiske saker på fagfeltet, osv. Den politiske representanten fremjar saker og problemstillingar som er viktige for Hordaland, og som kan resultere i samarbeidsprosjekt eller politiske posisjonsdokument. Eit døme er korleis Hordaland har jobba innanfor NSC for å setje hydrogen på agendaen. Hydrogensamarbeidet i Vestlandsrådet gir ei god forankring og tema har vore løfta opp i gruppearbeidet etter oppmoding frå representantane frå Hordaland. Resultatet er eit posisjonsdokument som NSC Energy and Climate Change gruppa har publisert – «Hydrogen as renewable energy and alternative renewable fuel for transport for the North Sea Regions». Fleire medlemmar i NSC, til dømes Aberdeen by og regionane Drenthe og Groningen frå Nederland, ønskjer å påverke rammevilkår for å legge til rette for investeringar i infrastruktur for hydrogen i transport. Dokumentet er vedlagt denne saka.

Ei så sterk forankring gjer at representantar har høve til å diskutere moglege utviklingsprosjekt saman med partnarnar i gruppa og elles i NSC. Tema som infrastruktur for hydrogen overlappar to gruppe – Energi og klimaendringar og Transportgruppa. NSC er difor ein god arena for å ta opp emne som kan leggje grunnlag

for nye prosjekt kor internasjonalt samarbeid er ein føresetnad. Nordsjøprogrammet er tett kopla til arbeidet i Nordsjøkommisjonen med prosjektmidlar til aktørar frå Nordsjøområdet. Hordaland har vore aktiv brukar av dette programmet og vervet som nasjonalt kontaktpunkt for programmet er tildelt Hordaland fylkeskommune. Til dømes, leiar Hordaland i dag eit Nordsjøprosjekt «Right Skills for the Right Future». Det er diverre ikkje midlar igjen til nye prosjekt med norske deltakarar i noverande programperiode, men det vil kome fleire moglegheiter under neste programperiode, viss norske myndigheiter vidarefører norsk deltaking i Interreg etter 2020.

Eit utval av relevante saker for Hordaland er skissert under kvart av dei tematiske områda gruppene følger opp. Desse tema er relevante for prosjektutvikling i samband med regionale aktørar. Vi kjem til å diskutere dette nærare i eigna sak til hausten 2019.

Managing Maritime Space:

- Marin arealplanlegging
- Maritim kompetanse
- Marin forsøpling
- Brexit og fiskeripolitikken

Increasing Accessibility and Clean Transport:

- Grøn skipsfart
- Hamnesamarbeid

Tackling Climate Change:

- Kraftutveksling
- Hydrogen

Smart Regions:

- Reiseliv/cruiseturisme
- Omstilling
- Digitalisering

Studieturar og faglege besøk er ein viktig del av møta i dei tematiske gruppene. Her er det òg viktig at Hordaland er representert og at ein tar med seg erfaringar tilbake til eiga fylke.

NSC arbeider no, og frem til årsmøtet i juni, med utarbeiding av ein ny Nordsjøstrategi som er ei oppfølging av NSC North Sea Strategy 2010-2020. Medlemmane har hatt høve til å kome med innspel i prosessen, spesielt i dei tematiske gruppemøta, og strategien skal ha ei sterk kopling opp mot det nye Interreg Nordsjøprogrammet frå 2020. Det skal i så fall vere mogleg å søkje prosjektmidlar under Nordsjøprogrammet frå 2020 saman med våre samarbeidspartnarar i NSC under tema forankra i Nordsjøstrategien, som Hordaland som medlem har hatt høve til å utvikle saman med partnerar. Dette viser at arbeid i NSC er langsiktig og at prosessane i organisasjonen tek tid. Det krev difor langsiktig tenking og satsing.

I samsvar med rutinane kallar administrative koordinator inn dei politiske representantane, vararepresentantane og dei administrative representantane til møte to gongar per år for å informere om saker i ExCom og for at deltakarane skal kunne utveksle informasjon og erfaringar. Dette har dei politiske representantane uttalt har vore nyttig.

Hordaland har faste politiske representantar i alle gruppene og har i tillegg politiske vararepresentantar. Det har vore varierende oppmøte i gruppemøta. Det har ikkje alltid vore samsvar mellom kva tematisk gruppe i NSC representantane har delteke i og kva hovudutval dei er medlem av i Hordaland. Det har gjort det vanskeleg å rapportere tilbake til det aktuelle hovudutvalet.

Fylkesordføraren har stemmeplikt på årsmøtet i NSC og på Generalforsamlinga i CPMR og kan delta på dei norske formøta i forkant av møta i ExCom. Fylkesordførar kan gje fullmakt til fylkesvaraordførar eller ein annan politisk representant til å delta på hennar vegne. Det har ikkje alltid vore same politikar som har deltatt på årsmøtet og i dei norske formøta. Dette har gitt mangel på kontinuitet.

Vidare arbeid

Fylkesrådmannen vil leggje fram ei sak til fylkesutvalet i Vestland fylkeskommune våren 2020 om korleis vi bør organisere oss internt for å få mest mogleg ut av medlemskapen i CPMR/NSC i ny fylkestingsperiode.

Her må ein trekkje vekslar på dei erfaringane som er gjort i Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune. Viktige punkt vil vere:

- Fast politisk representasjon på generalforsamlinga i CPMR og NSC kvart år, på viktige møte i CPMR gjennom året og på førebuande møte for norske medlemmar
- Deltaking frå opposisjonen på generalforsamlingane
- Politisk representasjon i dei tematiske gruppene
- Vest Norges Brusselkontor si rolle

I saka vil fylkesrådmannen og kome med framlegg til korleis ein kan styrkje samhandlinga mellom strategi for internasjonalt arbeid, regionalt forskingsfond og andre samarbeidsprosjektet knytt til eksempelvis miljøprosjektet, energisamarbeid og grøn næringsutvikling. Avdeling for innovasjon og næringsutvikling i Vestland fylkeskommune vil ha stort fokus på å nytte nasjonale og internasjonale verkemiddel for å auke konkurransekrafta og skape innovasjon som kan fremje ei berekraftig utvikling.